

Jord- og husdyrbruk i Målselv

av bonde

Eidnes Holmen.

Det var truleg det gode jordsmonnet, den frodige grasvoksteren og den milevide kjempestore skogen som gjorde at fogd Jens Holmbo tok til med å få Målselvdalen kolonisert.

Jorddyrkinga den fyrste tida var ganske enkel. Enga vart mest laga på det vis at skogen vart teken bort og naturgjødsla lagt på marka mellom stubb og stein. Det var noko som kaltes for å grinngå. Det gjekk for seg på dette viset: Om sumaren hadde ein husdyra i grinner om nettene, og desse vart flytta kvar dag. På det viset fekk dei gjødsla store vidder. Var veret stygt med regn og vind, hogg dei lauvskog og røyste mot grinnane for på det viset å laga ly for dyra.

Bjørn og varg var ofte lei til buskapen som låg i grinnane, og støtt måtte det vakthald til. Buhunden låg ved grinnane og varsla når noko stod på. Men sume tider var det så galt at folk laut vera med på vakta.

Århundres nedrotne gras hadde laga eit stort reservefond av plantenæring i marka, slik at det vaks godt med gras omtrent alle stader, der ikke skogen stod for tett og stengde for anna vokster. Dei gardane som hadde store vidder med utslåtter som låg slik til at dei lett kunne haustes, greide å fø fram mange dyr. Vinterforinga i gamle dagar var omtrent på alle gardane heller knapp. Ein rekna ikkje med noko sers avdrott om vinteren. Kyrne kalva og geitene killa om våren. Dyra mjølka ikkje stort lengre enn beitetida vara. Sauene lamma omtrent alltid tidleg om vinteren og mange kreperte av underernæring utpå vårparten. Mangelen på eggehvite var vel største årsaken.

På grunn av at mesteparten av høyet kom frå uteslåttene vart det tåleg bra med gjødsl til korn og potetåkra og til overgjødsling på enga, og til nydyrking.

Jordbruket hadde produksjonsmessig, etter tilhøva då, ei god tid. Slitsamt og tungt var det nok for bøndene i langt større mon enn no. Dei lange og dårlege vegane til og fra utskipningshamnene var ofte ei stri påkjenning for mann og hest. Ein tur fra øvre del av dalen til Målsnes, med lass begge vegar, kunne ta innpå heile veka. Det var i dei dagar vanleg å sjå lange raider med lasshester etter vegane, og på dei faste kvileplassane var det liv og rørsle heile året. Når dei drog ned til Målsnes, hadde dei lass med ymse produkter frå jordbruket og husdyrbruket. Men dei hadde og vildt, og industriprodukter, trevarer. På heimtur var det kanskje lass til handelsmannen eller varer som dei hadde kjøpt på Målsnes. Vildt var det mykje av i dei dagar, og fangst og jakt var ei kjærkommen inntektskjelda. I elvar og bekkar var det heller mykje fisk, som hjelpste godt til når det skulle vera noko i gryta. —

Akerstykkjene var den fyrste tida broten opp med handkraft, men der det var lettast, brukte dei hest framfore ein heimlaga plog med ås og ein styrearm av bjørk. Ganske tidleg kom Stengrimsens-plogen i bruk. Denne plogen var laga av Jon og Peder Stengrimsen, Finnbakken. Desse plogane

hadde og ås av bjørk og to armar. Det var fine plogar som gjekk særst godt i gamal voll, men dei var noko lett i tevlinga med stubb og stein. Verre var det med harv i den fyrste tida. Den heimlaga tinnharva var ikkje rare greiene og kunne berre jamne smuldra jorda litt i overflata, ellers vart plogfura liggjande urørt.

Nokre få atna-harver kom til bygda i slutten av 1880 åra, men desse var visst ikkje stort betre enn tinnharva. Kring 1900-årsskiftet tok dei fyrste tunge plogane til å komme inn i dalen, og omtrent samstundes kom fjørharva. Desse to i sameining gjorde det mogeleg å få arbeidet åkrane på ein forsvarleg måte.

Før kring siste århundreskifte bruktes ikkje isåing av grasfrø ved attlegg av eng. (Åkrane måtte så seg sjølv), altså gro til av det frøet som var i gjødsla. Høyonna ble gjort adskillig seinare enn no om åra, så det kan vel vera truleg at det kunne vera heller mykje frø i gjødsla, men lell ble den nye enga mykje tynn. Det var ikkje vanleg med overgjødsling av enga kvart år og når så enga var grodd til så rota var noko lunde tett var som tidast gjødsla frå attleggsåret ut av marka, og høya avlinga pr. mål ble ikkje så særst stor, det var dei store vidder som skulle gjera utslaget. Å legga att med grasfrø blei visst ikkje prøvd her i dalen før kring 1900-åra. Frøet som blei brukt var vokset i Sør-Norge, Danmark ja også einskilte gong blei det innført frø fra Tyskland. Dette frøet høvde ikkje til vårt klima. Enga greide i dei aller fleiste høver ikkje overvintringa. Det blei pengeutlegg til inga nytte, vonbrot og mismot. Det var fyrst etter at forsøks garden i Troms kom i drift, at det vart tatt opp arbeide med å få fram vintersterke og varige gresslag, og då vart det skikk på engdyrkinga. I dei seinare år er det avla litt grasfrø i Målselv; men ikkje så mykje at det er til nemnande bate for engdyrkinga.

Med tida vart utslåttene meir og meir utpint for plantenæring og avlingane minka omtrent for kvart år. Sjølv om nydyrkinga helt fram vart det ikkje meire høy på låven. På mange gardar vart uthusa heller for stor. Men så kom kunstgjødsla. I fyrstninga vart det brukt mest som medisin, men litt verknad gjorde den lell. I mellomkrigstida var det svært vanskelig for folk flest å kunne skyffe noko sers pengar til innkjøp av kunstgjødsel, men framgangen var lell merkbar og avlingsauken i same mon. Men så kom pengeflaumen under og etter siste krig. Det vart kjøpt meir og allsidig gjødsel og åker og eng fekk meire næring. Kunstgjødselforbruket i bygda har gått jamnt framover, frå den fyrste lille medisinen til siste året då det vart kjøpt kunstgjødsel for rundt rekna 390.000 kroner. Utslåttene haustes ikkje no lengre, dei er anten omgjorde til dyrka mark eller nyttes til beite.

Kring 1890-åra tok dei fyrste slåmaskinane til å surre i dalen. No får dei hjelp av traktorslåmaskinane, som slår over halvdelen av enga. Slepriver og hjulriver rakar no der kor rakargjentene sleit same graset med trøyte hender og sveit rygg.

Poteten, veksten som har redda Norge frå hungersnøden gjennom to verdenskrigar har også vore med i ei veldig utvikling gjennom tida. Frå nokre små potetland oppe i dei mest solvendte bakkekneiker til no då potetdyrkinga er ein stor del av det vanlege åkerareal, og arbeidet i potetåkeren går for seg både vår, sumar og haust med tidsmessige hest- eller traktorreidskaper. Ein kan vel seia at Målselv all tid har vore pålag sjølhjelpen med matpoteter, men no avles det også mykje både til salg og til dyrefor.

Dyrking av rotvekster, grønnsaker, bær og andre hagevekster har ikkje synt noko sers framgang i det siste. Den største årsak er kanskje at tida er for knapp, det er så mykje som skal gjerast i dei få somarvekene.

Korndyrkinga var før alminnelig på kvar gard. Smått om pengar å kjøpe mjøl for var det, og ellers var kjøringa gjennom lange, uvegsame dalen så slitsom at folk laut gjera seg mest mogeleg sjølvhjelpne. Dei minst frostlente stader med høvelig jordsmun ble valgt til kornet, som i den fyrste tida var berre bygg. 10-20 sekker korn på dei større gardar var vanleg avling i bra år. I 1920-30-åra var det fleire stader prøvd med både havre (nidarhavre) og vårkveite, og i gode åringa gjekk det reint bra.

Dei fyrste bureisarane malte ofte komet på handkvern, men dei tok ganske snart til å nytte ut vasskrafta og det blei bygd kverner i bekkar og elvar. No er det visst ikkje meir enn to kverner for vasskraft att i dalen. Dei står som eit minne om ei tid som var og om ein driftsmåte som aldri kjem fram att. Men namnet på Kvernbekken og Kvernelva vil halda fram med å leva mellom slekter som kjem.

Bekkekvernane blei avløyst av ei tidsmessig mølle på Moen. Der blei det i 1930 malt 200 tonn korn avla i Målselv. Ein må vel kunne tru at kornavlinga det året var over 300 tonn. No dyrkes det korn på berre nokre få gardar i Målselv. Årsaken til at korndyrkinga er gått så mykje attende er mangel på arbeidshjelp. Når einskilde av dei som bur lengere sør i landet legg om gardsdrift til meire korndyrking for å spare arbeidskraft, så se det ut til at vi her oppe lyt gjera det heilt motsatte for å kome gjennom ei tid med lite og dyr arbeidshjelp.

Feavlen. Dei fyrste kyr i dalen kom truleg frå grannebygdene: Lenvik, Sørreisa og Malangen. Desse dyra var, etter det ein kan få fram, mykje uensarta. Farga kunne vera: Kvit, svart, raud og kvitflekkut, svart og kvit og einskilde hadde også ein blå tone. Det nemnes ofte i skriv frå den fyrste tida om hornede storfe så ein må kunne rekna med at kanskje dei fleste hadde horn. I skriv om det fyrste husdyrsjået i Målselv (den 15. juli 1859) heiter det, at der kunne utstilles: Hest, hornkveg, får og geiter. I 1902 rekna statskonsulent Nøkleby med at 60-70 prosent av Målselv-kyrne var kollet. Det ser ut som dei i siste del av 1800-åra prøvde å få fram ein kurase uten horn.

I 1835- 38 blei det gjort eit forsøk med innkryssing av holllandsk fe, men denne innblandinga fekk ikkje noko nemnande innverknad på den framtidige avl. I tida mellom 1860-1894 blei det ført inn en del Ayrshire-fe frå Trøndelag. Det var mest okser. Desse dyra blei brukt til innkryssing med dei dyra som var i dalen. I den fyrste tida var innkryssingsprodukta mest flekkut, raud og kvit. Kroppsbyggnaden vart lenge mykje ujamn, og ikkje liten prosent var merkt generasjoners liv på mager kost. Ved planmessig al ut gjennom åra er ein komen fram til ein tåleg einsarta kyrrase både i kroppsbyggnad og lett. Ydeevnen er enno ikkje så jamn som ein bør ynskje, men avlen drives planmessig fram. Målselvkua kan helst vera einlet raud eller raudbrun og utan horn. Dei siste åra er det innført nokre oksar fra Trøndelag for å unngå for mykje slektsavl.

Hesterasen. Dei hestane som fyrst blei bruka i Dalen var av same slaget som hestane i grannebygdene og kan vel reknas til same rase som Lyngshesten, men desse hestane var visst jamt over noko større enn Lyngshesten. Farga var raud, brun eller svart, men det er også nokre større som var kvit. Det var som regel trottuge gode dyr. Men dei blei kanskje i let taste laget til den lange tunge landvegskjøringa, og folk blei samd om å få til ein større hestrase ved innføring av alsdyr frå

Austlandet. Den fyrste hesten som kom sørfra var ei hoppe i 1860. I 1869 kom det ein hingst frå Øyer i Gudbrandsdalen. I 1897 kom fjordingshesten Fram til Målselv, men han blei her berre ei stutt tid, og fekk ikkje nemnande innverknad på hesterasen. Frå 1902 og utetter åra, blei det innført fleire hingstar og hopper av dølarase, og i 20-åra kan ein vel seia at det i Målselv var omtrent berre dølahester. Etter 1920 er det komen inn ein del fjordingar, slik at hestane no er enten døl eller fjording.

Sauen. Dei fyrste sauene som kom hit, kan ein vel seie var på lag same slaget som dei no kalles spelsau. I 1870 vart det fyrste tiltaket gjort for å få til ein større sauerase ved innføring av cheviotsau, som blei bruka til kryssning av den stedegne rase. Denne innføringa av cheviotsau har halde fram til denne tid, slik at ein no kan seie at det er gjennomført kryssning. Det er gjort nokre spreide freistnader med innføring av dalasau, men det er berre nokre få dyr, som til no ikkje har hatt nok sers virkning på sauerasen.

Geita, er truleg like gamal i dalen som busetninga. Ein kan vel ga ut frå at geita var det fyrste husdyret innflyttarane kunne få i. Også den blei henta frå grannebygdene. For nokre år sidan var det geiter på mest kvar gard, men no finn ein nesten ikkje geiter på andre gardar enn dei som ligg for seg sjølv eller opp mot liane. «Lystig, listig og lett på tå», som geita er, høver ho ikkje riktig godt der kor det er tettgrent. Ho høver heller ikke riktig godt i barskog. Geita er det husdyret som no betalar best for mat og stell, og dei som har høveleg beitemark, og kor det elles høver for geiter bør ikkje byta geita i «naut». Men avlen er forsømt i stor mon. Siste år var det berre nokre få geiter under kontroll. Den beste mjølka over 900 kg. Og der er meir enn mykje på ikkje større dyret.

Seterdrifta er det no omtrent slutt med, og det er blitt som Slapgard syng: «På teigane kor sveiten draup, går villdyr no og fe». Og ellers nede i dalen kan ein også sjå at Slapgard sine ord høver: «Det blinkjer inge plog. No gror det att med tistelgras med klyngerkratt og skog».

Målselv har vore med i utviklinga frå budstikka, til telefon, telegraf og radio. Frå skiane som einaste framkomstmiddel i snøtunge vintrar og ride kløvhesten gjennom urskogen, til bil og flyferdsia. Frå sloga (slua) sine taktfaste slag på låven i kalde vinterdagar, til trøskeverket. Stengrimsplogen og tinnharva har ei vandring att, til bygdemuseet.